



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/35704
Saksbehandlar: Hans Thomas Solheim
Dato: 08.07.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/094	Stad formannskap	03.09.2026
26/097	Stad kommunestyre	10.09.2026

Selje reinseanlegg - finansiering

Bakgrunn for saka:

I samsvar med temaplanar for vatn, avløp og overvatn, vedtekne i sak KS-22/133, skal det etablerast ny kommunal hovudreinsing for Selje. Eksisterande reinseanlegg i Klokkevik er gammalt, har dårleg teknisk tilstand og tilfredsstillar ikkje gjeldande reinsekrav. Tiltaket er difor prioritert som eit nødvendig avløpstiltak.

I sak KS-25/196, budsjettvedtak punkt 9, bad kommunestyret om gjennomgang av investeringar og låneopptak i VAO. Saka vart følgd opp gjennom sak KS-26/006, Revisjon av temaplanar VAO, der tiltak innan vassforsyning og avløp i samsvar med investeringsnivå 1 vart innarbeidd i økonomiplan for sjølvkostområdet. Fornyng av reinseanlegg i Selje er del av dette investeringsnivået.

Når det gjeld tettstaden Selje er det lagt til grunn at det ikkje vert krav om sekundærreinsing. Planane om primærreinsing og etablering av ny kommunal hovudreinsing ved kommunal base i Selje ligg difor fast. Detaljreguleringsplanen er vedteken, prosjektet er prosjektert, og det er gjennomført konkurranse for hovudentreprise.

Gjeldande prosjektramme på kr 26,2 mill. gjeld samla løyvingar til prosjektet i perioden 2022–2026.

Gjennomført konkurranse viser at marknadsprisen for gjennomføring av hovudentreprise ligg høgare enn det som tidlegare har vore lagt til grunn for prosjektet.

Ved utlysing av konkurransen vart det teke atterhald om finansiering. Kontrakt kan difor ikkje inngåast før kommunestyret har teke stilling til auka prosjektramme.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å auke samla prosjektramme for Selje reinseanlegg frå kr 26,2 mill. til kr 33,0 mill. Samla prosjektramme omfattar tidlegare og nye løyvingar til prosjektet.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren innarbeide auka investeringsramme i budsjett og økonomiplan 2027–2030, finansiert gjennom låneopptak/investeringsbudsjett innan sjølvkostområdet avløp.

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/094 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å auke samla prosjektramme for Selje reinseanlegg frå kr 26,2 mill. til kr 33,0 mill. Samla prosjektramme omfattar tidlegare og nye løyvingar til prosjektet.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren innarbeide auka investeringsramme i budsjett og økonomiplan 2027–2030, finansiert gjennom låneopptak/investeringsbudsjett innan sjølvkostområdet avløp.

Saksopplysningar:

Tidlegare vedtak og planstatus

Selje reinseanlegg er del av kommunen sitt arbeid med oppgradering av avløpsinfrastrukturen. I temaplan for avløp er reinseanlegga i Selje og på Nordfjordeid peika på som kritiske anlegg med behov for fornying. For Selje er det lagt til grunn etablering av ny kommunal hovudreinsing med primærreinsing ved kommunal base i Selje.

Kommunestyret har gjennom sak KS-22/133 vedteke temaplanar for vatn, avløp og overvatn. Vidare er investeringsnivå og prioriteringar innan VAO handsama gjennom KS-25/196 og KS-26/006.

Detaljreguleringsplanen for tiltaket er vedteken. Prosjektet er prosjektert, og det er gjennomført konkurranse for hovudentreprise. Ved utlysing av konkurransen var det teke atterhald om finansiering.

Prosjektomfang

Prosjektet omfattar etablering av nytt reinseanlegg med tilhøyrande tekniske anlegg, pumpestasjonar, leidningsanlegg og nødvendige utomhusarbeid. Målet er å etablere ei framtidsretta og driftssikker løysing for kommunal avløpsreinsing i Selje.

Hovudentreprise:

Stad kommune har gjennomført konkurranse for hovudentreprise for Selje reinseanlegg.

Hovudentreprise omfattar hovuddelen av bygge- og anleggsarbeida knytt til etablering av nytt reinseanlegg, inkludert nødvendige tekniske installasjonar, leidningsarbeid, pumpeløysingar og utomhusarbeid.

Konkurransen viser at marknadsprisen for gjennomføring av hovudentreprise ligg høgare enn det som tidlegare har vore lagt til grunn i prosjektet. Tilbodet gir dermed eit meir oppdatert og reelt grunnlag for vurdering av samla finansieringsbehov.

Ved utlysing av konkurransen vart det teke atterhald om finansiering. Kontrakt kan difor ikkje

inngåast før kommunestyret har teke stilling til auka prosjektramme.

Tiltak utanfor hovudentreprise:

Prosjektet påverkar eksisterande drift, bygningsmasse og arealbruk ved kommunal base i Selje. I tillegg til hovudentreprise er det difor planlagt tiltak som skal gjennomførast i kommunal regi.

Samla estimert kostnad for tiltaka utanfor hovudentreprise er om lag kr 1,3 mill., og kostnaden inngår i den samla prosjektramma.

Kontorbygg, garderobe og rein/skitten sone:

Arbeid med avløpsanlegg, pumpestasjonar og anna teknisk drift stiller krav til forsvarlege garderobe- og hygieneforhold for driftspersonell. Tilpassingane i eksisterande bygg er nødvendige for å ivareta kravet til fullt forsvarleg arbeidsmiljø, mellom anna gjennom løysing for rein/skitten sone med tilhøyrande garderobe- og sanitærfunksjonar. Det er lagt til grunn at dette skal løysast gjennom tilpassing av eksisterande bygningsmasse ved basen.

Dagens garderobe- og sanitærfasilitetar har behov for utbetring, særleg når det gjeld storleik, funksjonell inndeling mellom rein og skitten sone og tilfredsstillande toalettforhold. Dette er i dag garderobeløysinga for kommunalt tilsette innan kommunalteknikk, drift VA.

Det ligg ein pumpestasjon knytt til dagens avløpssystem inne i eksisterande kontorbygg. Pumpestasjonen skal fjernast, og arbeidet vil innebere inngrep i bygget, mellom anna i golv, tekniske installasjonar og tilstøytande rom. Arbeid knytt til denne pumpestasjonen ligg ikkje inne i hovudentreprise, men må gjennomførast som del av den samla tilrettelegginga for nytt reinseanlegg og framtidig drift på området.

Eksisterande kontorbygg har i tillegg bygningsmessige utfordringar knytt til fukt, ventilasjon og inneklima. Det er tidlegare meldt avvik knytt til bygget. Desse forholda forsterkar behovet for å vurdere nødvendige bygningsmessige tiltak når det uansett skal gjerast arbeid i bygget.

Dersom arbeida påverkar funksjonar som ligg i bygget i dag, må desse funksjonane oppretthaldast eller tilbakeførast på ein tenleg måte. Tiltaka må gjennomførast i eit omfang som sikrar prosjektet sine behov og forsvarlege garderobe-, sanitær- og arbeidsmiljøforhold.

Opprusting av lagerbygg:

Det nye reinseanlegget vil ta delar av dagens uteareal på kommunal base. Areal som i dag vert nytta til lagring og oppbevaring av maskiner, utstyr og materiell vil dermed bli redusert som følge av prosjektet.

På tomte som er kjøpt inn for formålet å etablere eit nytt reinseanlegg ligg det eit eldre lagerbygg. Kommunen ønskjer å nytte eksisterande lagerbygg som del av den samla arealbruken på kommunal base. For at bygget skal kunne nyttast til lagring av maskiner, utstyr og materiell, er det behov for nødvendige utbetringar og sikringstiltak.

Følgjande tiltak må gjerast for at bygget skal kunne brukast:

- Dører/portar til lagerhallen må bytast for å få eit tett bygg som kan nyttast til oppbevaring av maskiner og utstyr.
- Utsifting av trekonstruksjonar som er skada (tak er skeivt)

Tilstanden på portar og skadde trekonstruksjonar gjer at det er behov for utbetring før bygget kan nyttast på ein forsvarleg måte. Manglande utbetring kan i slike høve gi uforsvarlege HMS-forhold.

Utbetring av lagerbygget vil gjere det mogleg å nytte bygget til lagring av maskiner, utstyr og materiell som må handterast som del av den samla arealbruken ved kommunal base og nytt reinseanlegg.

Vurdering:

Selje reinseanlegg er eit nødvendig tiltak for å sikre forsvarleg avløpshandtering i Selje. Eksisterande anlegg har dårleg teknisk tilstand og tilfredsstillar ikkje gjeldande krav. Utsetting av prosjektet vil medføre vidare drift av eit anlegg med kjende manglar, og vil kunne auke risikoen for driftsproblem, ureinsa utslepp og akutte kostnader.

Prosjektet har kome langt i planlegginga. Reguleringsarbeid, prosjektering og tomtekjøp er gjennomført, og hovudentreprise er konkurranseutsett. Når konkurransen no viser at marknadsprisen ligg over gjeldande finansiering, må kommunen ta stilling til om ramma skal aukast slik at prosjektet kan gjennomførast.

Det er kommunedirektøren si vurdering at prosjektet bør gjennomførast som planlagt då tiltaket er i tråd med vedtekne prioriteringar innan avløp. Det var to tilbydarar i konkurransen og det er ikkje grunnlag for at ein ny konkurranse vil gi lågare pris utan at det blir gjort vesentlege endringar i kravspesifikasjonen. Ei avlysing eller utsetting vil kunne gi forseinkingar, nye prosjekteringskostnader, risiko for nye konkurransekostnader og vidare drift av eksisterande anlegg med kjende manglar.

Kommunedirektøren vil likevel gå gjennom prosjektet med mål om å redusere kostnader der dette er mogleg og forsvarleg. Det kan vere aktuelt å sjå nærare på omfanget av veg-/utomhusarbeid, materialval, løysingar for opparbeiding og andre postar som ikkje er avgjerande for reinsefunksjon, driftstryggleik eller HMS.

Eventuelle endringar må gjennomførast på ein måte som er i samsvar med anskaffingsregelverket og kontraktsgrunnlaget. Det er difor ikkje tilrådd å budsjettere med usikre innsparingstiltak før desse er konkretiserte og avklarte.

Tiltaka utanfor hovudentreprise har vore del av kostnadsestimatet for prosjektet. Tiltaka heng saman med bruken av kommunal base, gjennomføringa av reinseanleggsprosjektet og framtidig drift. Dei er grunngjevne i HMS, drift og behov for forsvarleg lagring og rein/skitten sone.

Samla vurderer kommunedirektøren at auka prosjektramme er nødvendig for å kunne gjennomføre prosjektet. Utan auka ramme vil kommunen ikkje ha finansiering til å inngå kontrakt og realisere tiltaket slik det no ligg føre etter gjennomført konkurranse.

Økonomisk:

Prosjektet har hatt ei samla ramme på om lag kr. 26,2 mill. Det er per no brukt om lag kr 5,0 mill. til regulering, prosjektering og tomtekjøp for tilkomst til sjø. Dette inneber at det står att om lag kr 21,3 mill. innanfor gjeldande prosjektramme.

Etter gjennomført konkurranse ligg lågaste tilbod på hovudentreprise på om lag kr 24,2 mill. Tilbodet overstig dermed attståande midlar i prosjektet. I tillegg skal prosjektramma dekke vidare byggherrekostnader, intern oppfølging, usikkerheit, forventa tillegg og dei tiltaka som skal

gjennomførast i kommunal regi.

Tiltaka utanfor hovudentreprise, med eit estimat på om lag kr 1,3 mill., inngår i den samla prosjektramma. Tiltaka gjeld mellom anna tilpassing av kontor-/garderobeløysingar og lagerbygg på kommunal base, og heng saman med gjennomføringa av prosjektet og framtidig drift på området.

Samla viser dette at gjeldande prosjektramme ikkje er tilstrekkeleg for å gjennomføre prosjektet slik det no ligg føre. Minimum meirbehov samanlikna med attståande ramme er om lag kr 4,0 mill. før det er teke høgd for usikkerheit, forventa tillegg og vidare interne/administrative kostnader.

Kommunedirektøren tilrår difor at prosjektramma vert auka frå kr 26,2 mill. til kr 33,0 mill. Dette skal gi rom for inngåing av kontrakt for hovudentreprise, gjennomføring av planlagde tiltak i kommunal regi, vidare byggherreoppfølging og ei nøktern usikkerheitsavsetning.

Auka investeringsramme vert finansiert gjennom låneopptak/investeringsbudsjett innan sjølvkostområdet avløp, og vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan 2027–2030. Avløpsområdet er eit sjølvkostområde. Det inneber at nødvendige kostnader knytt til kommunale avløpstjenester skal dekkast gjennom avløpsgebyra. Auka investering vil difor påverke gebyrgrunnlaget gjennom renter og avdrag. Endeleg verknad for gebyr vert vurdert i samband med ordinær gebyrsak og oppdaterte sjølvkostkalkylar.

Sosial berekraft:

Prosjektet vil bidra til meir forsvarleg avløpshandtering for innbyggjarar og næringsliv i Selje. Tiltaket vil også betre arbeidsmiljøet for driftspersonell gjennom tilrettelegging for rein/skitten sone, garderobeforhold og meir forsvarleg handtering av maskiner og utstyr på kommunal base.

Tiltak i eksisterande bygningsmasse på basen vil kunne redusere HMS-risiko knytt til fukt, dårleg inneklima, skadde konstruksjonar og lagerbygg med behov for utbetring. Dette er særleg relevant for tilsette som har dagleg arbeid på kommunal base i Selje.

Miljømessig berekraft:

Nytt reinseanlegg i Selje vil bidra til betre kontroll med kommunalt avløpsvatn og redusere risiko knytt til drift av eksisterande reinseanlegg med kjende manglar. Prosjektet er difor positivt for vassmiljø og for kommunen si oppfølging av krav til avløpshandtering.

Saka gjeld finansiering av eit allereie planlagt og regulert tiltak. Miljø- og arealverknader er vurderte gjennom tidlegare plan- og prosjekteringsarbeid. Dersom det i vidare arbeid vert gjort vesentlege endringar i omfang, plassering eller teknisk løysing, må behovet for nye vurderingar etter naturmangfaldlova, vassforskrifta og anna relevant regelverk vurderast.

I gjennomføringa skal det framleis leggjast vekt på forsvarleg handtering av massar, avfall, utslepp, transport og mellombels anleggsulempar.